



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato
17.10.2017
Dykkar dato
27.09.2017

Vår referanse
2017/4674 611
Dykkar referanse
VITUED

Blåklokka barnehage as
Melandsvegen 38
5918 Frekhaug

Svar på søknad - Blåklokka - Tilretteleggingsmidlar barnehage - lokale prioriteringar

Vi har motteke søknad om tilretteleggingstilskott for Marianne Mo, som er tilsett ved Blåklokka barnehage as i Meland kommune

Søknaden er godkjent for studieåret 2017-18 og Fylkesmannen i Hordaland overfører **kr. 25 000** til Meland kommune. Kommunen vil deretter overføre midlane til Blåklokka barnehage as. Dersom studenten arbeider i fleire barnehagar må de avtale lokalt korleis midlane skal fordelast.

Bruk av tilretteleggingsmidlar

Tilskottet er gitt for at barnehagen skal leggje til rette for ei god gjennomføring av Marianne Mo sitt studium: Arbeidsplassert barnehagelærerutdanning hausten 2017.

Barnehageeigar og studenten må samarbeide om bruken av tilskottet

Midlane skal gå til å dekke faktiske utlegg som den tilsette har hatt og som ho/han kan dokumentere. Dette er utgifter til reise, opphald, semesteravgift, til studiemateriell til det aktuelle studiet, eller andre dokumenterte utgifter. Midlane kan også brukast til vikar slik at den tilsette får permisjon med lønn.

I utgangspunktet skal ikkje midlane utbetalast som stipend, då dette fører til skatteplikt for den tilsette. Dersom dette skal skje må *arbeidsgjevar og den tilsette* vert samde om dette, og den tilsette må orienterast om at det utløyser skatteplikt. Det blir ikkje gitt ekstra tilskot for arbeidsgjevaravgift.

Andre halvdel blir utbetalt våren 2018

Fylkesmannen utbetaler første halvdel av beløpet hausten 2017. For å få utbetalt midlar våren 2018, må den tilsette studenten framleis delta på studiet og følgje studieprogresjonen.

Barnehageeigar må melde frå til kommunen som barnehagemyndigheit dersom den tilsette sluttar på studiet eller har forseinka studieprogresjon. Då har ein ikkje rett på tilskott. Kommunen gir beskjeden vidare til Fylkesmannen.

Andre vilkår

Fylkesmannen kan kontrollere at midlane er brukt etter føresetnaden, jf §10 i Bevillingsreglementet. Riksrevisjonen kan krevje innsyn hos mottakarar for å kontrollere at midlane er brukt etter føresetnadene, jf. § 12 tredje ledd i lov av 7. mai 2004 om Riksrevisjonen.

Dersom eigarar ikkje har gitt rette opplysningar, eller har brukt midlane i strid med føresetnaden, kan Fylkesmannen krevje midlane tilbakebetalt.

Med helsing

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Marianne Mo